



Protokoll frå ekstraordinært årsmøte Hafslo IL

Onsdag 3.januar 2024 – digitalt via Teams

Tilstades (18 personar):

Ove Midtbø, Birthe Johanne F. Finstad, Styrk André Hofslundsengen, Erna Hamrum, Sondre Henjum Bremer, Anne Perlaug Fossøy, Jon Ove Lomheim, Lars Olav Halleråker, Per Fridolf Hillestad, Eirik Hoem, Ove Fredheim, Gerd Westby, Per Birger Lomheim, Erlend Sie, Magne Olsen, Elin Anette Hillestad, Oddstein Haugen, Håvard Ese Eliassen

Velkomen

Ekstraordinært årsmøte starta kl.20. Leiar Ove Midtbø ønskte velkomen og informerte om praktisk gjennomføring av møtet.

Godkjenning av frammøtte representantar

OK.

Val av møteleiar:

Ove Midtbø vart vald til møteleiar.

Val av protokollfører:

Ove Midtbø vart vald til protokollfører.

Signering av protokoll:

Styrk André Hofslundsengen og Birthe Johanne F. Finstad vart valde.

Godkjenning av innkalling og sakliste

Møteleiar orienterte om innkalling og annonsering med informasjon på heimesida og FB-sida til Hafslo IL. Trass i at innkalling og sakliste vart annonsert berre 13 dagar før møtet, godkjende ekstraordinært årsmøte både innkalling og sakliste utan merknader, jf. NIF-lov § 2-19 (5), jf. NIF-lov § 2-16 (4).

Handsaming av saker:

Sak 1. Godkjenne avtale mellom Hafslo IL og Sogn Skisenter om bygging og drift av hopp- og friskianlegg ved Sogn Skisenter

- Avtala er allereie godkjent av styret i Sogn Skisenter.
- Jon Ove Lomheim og Lars Olav Halleråker melde seg ugilde til å delta ved handsaming av saka, då dei begge sit i styret i Sogn Skisenter og var med på å godkjenne avtala der.
- Møteleiar gjekk igjennom avtaleutkastet og opna for innspel.
- Ingen hadde merknader.



Vedtak:

Avtala mellom Hafslo IL og Sogn Skisenter AS om bygging og drift av hopp- og friskianlegg ved Sogn Skisenter vart einstemmig godkjent slik den vart lagt fram utan merknader.

Sak 2. Godkjenne innsending av spelemiddelsøknader for følgjande anlegg:

- a. Heilårs hoppbakke K5 (ved banktrekket)
- b. Heilårs hoppbakke K10 (ved banktrekket)
- c. Heilårs hoppbakke K20, inklusiv alle fasilitetar i hoppanlegg (ved banktrekket)
- d. Friskianlegg (ved banktrekket)

- Møteleiar orienterte om dialogen Hafslo IL har hatt med Sogn Skisenter AS, og prosessen kring innspel av anlegg etter årsmøtet for Hafslo IL 27.02.2023, til ny kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Luster kommune 2024 – 2036, med handlingsplanar 2024-2027. Det har også vore ein dialog med Vestland fylkeskommune om å få omdisponert hoppbakke K10 og K19 til heilårsbakkar.
- Sjølv om arbeidet med ny kommunal plan er noko forseinka og ikkje endeleg vedteken, er anlegga prioriterte i planen som er lagt ut på høyring. Og det er mogleg å få sendt inn spelemiddelsøknader for heilårs hoppbakke K5, K10 og K20 innan 15.januar 2024. Dette føreset at ekstraordinært årsmøte i Hafslo IL godkjenner dette.
- Når det gjeld friskianlegget er det ikkje heilt klart for innsending av spelemiddelsøknad innan 15.januar 2024, men det er likevel viktig at ekstraordinært årsmøte også godkjenner innsending av spelemiddelsøknad for dette anlegget når det er klart for det innanfor neste fireårige planperiode.
- Møteleiar Ove Midtbø og Jon Ove Lomheim gjekk igjennom og informerte om notatet knytt til finansiering av heilårsbakke K5, K10 og K20. Oppsummert inneber innsending av spelemiddelsøknader for anlegga at Hafslo IL må bidra med eigenfinansiering på kr. 40.000 for heilårs hoppbakke K5. Øvrig finansiering av anlegga er tenkt gjennom mellombels lånefinansiering hos Luster Sparebank som vi har god dialog med om dette. Luster Sparebank har støtta vinteranlegget K10- og K19-bakken med 330.000 kr. Banken har gitt tilstrekkeleg lånestilsagn og er positive til vidare utvikling av hoppanlegget til heilårsanlegg.
- Innspel frå Oddstein Haugen: Viser til at det har vore jobba godt av Hafslo IL og Sogn Skisenter AS om å få realisert rekrutteringsanlegg for hopp ved Sogn Skisenter. Det er positivt å få samla skiaktivitet ved skisenteret, og håpar etablering av anlegga vil gje eit løft for hoppporten. I tillegg er det ein «vinn-vinn» situasjon å få etablert anlegg for hopp, friski og alpint ved Sogn Skisenter både for skisenteret og idrettslaga i kommunen. Han støttar derfor at det vert sendt inn spelemiddelsøknadar for desse anlegga.
- Det var ikkje fleire som hadde merknader til saka.



Vedtak:

Ekstraordinært årsmøte i Hafslo IL gjorde vedtak om å godkjenne spelemiddelsøknader for følgende anlegg i tråd med notatet knytt til finansiering av heilårsbakke K5, K10 og K20 ved Sogn Skisenter:

- Heilårs hoppbakke K5 (ved banktrekket)
- Heilårs hoppbakke K10 (ved banktrekket)
- Heilårs hoppbakke K20, inklusiv alle fasilitetar i hoppanlegg (ved banktrekket)
- Friskianlegg (ved banktrekket)

Vedtaket inneber at Hafslo IL bidreg med kr. 40.000 i ny egenkapital til heilårs hoppbakke K5, og at Hafslo IL får fullmakt til å inngå avtale med Luster Sparebank om mellombels lånefinansiering for å få realisert anlegga.

Ekstraordinært årsmøte vart heva kl. 21.00.

Underteikna protokoll:

Styrk André Hofslundsengen

Birthe Johanne F. Finstad

Vedlegg:

Avtale mellom Hafslo IL og Sogn Skisenter AS om bygging og drift av hopp- og friskianlegg ved Sogn Skisenter

Notat vedrørende finansiering av heilårsbakke K5, K10 og K20 ved Sogn Skisenter



AVTALE

mellom

**Sogn skisenter AS
(Skisenteret)**

og

**Hafslo idrettslag
(idrettslaget)**

1. AVTALEN GJELD

Avtalen gjeld bygging og drift av hopp- og friskianlegg ved Sogn skisenter.

Denne avtalen erstattar tidlegare driftsavtale for vinterhoppbakke K10 og K19. Denne avtalen gjeld bygging, finansiering og drift av:

1. Heilårs hoppbakke K5 (ved banktrekket)
2. Heilårs hoppbakke K10 (ved banktrekket)
3. Heilårs hoppbakke K20, inklusiv alle fasilitetar i hoppanlegg (ved banktrekket)
4. Friskianlegg (ved banktrekket)

Sogn skisenter AS vert byggherre for heilårs hoppbakke K5 og friskianlegg med fasilitetar (snøproduksjonsanlegg og andre fasilitetar som naturleg høyrer til skianlegg).

Hoppbakke K10 og K20 vert ei vidare utbygging av vinterhoppbakke K10 og K19 til heilårs hoppbakke med Hafslo idrettslag som byggherre. Heilårs hoppanlegg (K10 og K19/20) ved banktrekket med fasilitetar vert overdrege til Sogn skisenter AS når heilårsanlegget er ferdig bygt.

2. BYGGING OG FINANSIERING

Hafslo idrettslag (idrettslaget) tek prosjektansvar for bygging av skianlegga (nemnt i punkt 1) inklusiv fasilitetar godkjent som del av skianlegget. Som prosjektansvarleg er idrettslaget ansvarleg for alle søknadar for realisering av prosjekta (spelemiddelgodkjenning, sponsorstøtte, byggeløyve mm)

Idrettslaget er ansvarleg for finansieringa til bygging av skianlegga (med fasilitetar) med unntak for fasilitet «Snøproduksjonsanlegg» der skisenteret tek inntil 15 % eigenfinansiering (eigenkapital eller eigeninnsats) for snøproduksjonsanlegget.

Idrettslaget saman med skisenteret søkjer best mogleg finansiering for alle skianlegga.

3. DRIFT.

Som anleggseigar vert Sogn skisenter AS formelt driftsansvarleg og pålagt ihht til spelemiddelgodkjenning å føre driftsrekneskap for anlegg opplista i punkt 1 som vert godkjent og bygt.

Arbeidsdelinga for drifta er prinsipielt at skisenteret utfører maskinarbeid og løna arbeid med skisenteret sitt utstyr medan idrettslaget på dugnad er ansvarleg for tilrettelegging av aktivitet og utfører vakt ved køyring av skitrekk og praktisk tilretteleggings- og vedlikehaldsarbeid utanom skisenteret sine maskiner og sitt utstyr. Skisenteret søkjer om utvida kommunalt driftstilskot til drift av hopp- og friskianlegg

inkludert fasilitetar (lys- og snøproduksjonsanlegg, skitrekk mm).

For hoppanlegget betaler Hafslo idrettslag skisenteret sine kostnader med maskinarbeid og løna arbeid med skisenteret sitt utstyr, med frådrag for driftstilskot til hoppanlegget.

Dersom idrettslaget bygger anlegg til 3,0 mill kr for snøproduksjon utan eigeninnsats av skisenter tek skisenteret 20 % av kostnaden med maskinarbeid og løna arbeid for hoppanlegget.

Denne avtalen er utarbeidd i 2 – to – originale eksemplar, eitt til kvar av partane.

Hafslo,

.....
For Sogn skisenter AS
(KJETIL HOVLAND)

Hafslo, 5/1-24

Ove Midtbø
.....
For Hafslo idrettslag
(OVE MIDTBØ)

NOTAT : FINANSIERING_SKIANLEGG SOGN SKISENTER

DATO: 11.12.2023

Byggherre - Prosjektansvarleg: Avtale mellom Hafslo idrettslag og Sogn skisenter AS

Byggherre: Fører rekneskap og står for utbetaling av faktura for skianlegget.

- Sogn Skisenter er byggherre for heilårs hoppbakke K5 og friskianlegg
- Hafslo idrettslag byggherre for heilårs hoppbakke K10 og K20

Prosjektansvarleg: Hafslo idrettslag (for alle 4 delanlegga):

Står for realisering (bygging) av skianlegget, dvs ansvarleg for finansiering og all prosjektgjennomføring med prosjektadministrasjon, prosjektering, søknadar osv

For hoppanlegget utgjør ein svært liten kostnad og med heilårsanlegg ser ein mindre (og lite behov) for «Vatn og snøproduksjonsanlegg» til hoppanlegget. I alle fall kan snøproduksjon ha låg prioritet til hoppanlegget (i høve det kommersielle alpinanlegget) fram til det er tilgjengeleg vatn og ledig kapasitet til snøproduksjon. Såleis er finansiering av snøproduksjonsanlegg i hoppanlegget eit bidrag til å skaffe meir vatn til snøproduksjon for resten av skisenteret. Prinsipielt er det Sogn skisenter som skal både bygge og finansiera snøproduksjonsanlegg (som fasilitet) for alle skianlegga (dvs. tilsvarande for alpin-/friskianlegg, og langrennsløyper).

Sogn skisenter AS er MVA-registrert og får MVA-refusjon for alle nye skianlegg inklusiv og snøproduksjonsanlegget (som fasilitet) på linje med resten av kommersielle drifta av skianlegget ved skisenteret, jamfør stadfesting frå kommunen (kultursjefen) 13.01.2022. Dette er vesentleg for finansieringa, fordi skisenteret får refundert MVA løpande andre kvar måned tilbake til anleggskontoen. Idrettslag må finansiera MVA med eigenkapital eller lån i byggetida og kan søkja om refusjon når det føreligg revidert (godkjent) anleggsrekneskap for ferdig anlegg. Idrettslaget har ikkje garanti for å få refundert 100 % MVA, fordi det er årleg budsjett som bestemmer refusjonsprosenten. Nokre har refusjon vore på om lag 80 % av total MVA.

Friskianlegget er spelt inn til ny kommunedelplan for idrett- og friluftspan, men er ikkje prioritert i handlingsplan 2024-2027 ute til høyring. Notat om spelemiddelsøknad og finansiering av denne utarbeidast når ein veit når dette er aktuelt.

Kalkylegrunnlag for spelemiddelgodkjenning og finansiering

Utgangspunkt for kalkyle er innhenta frå:

- For heilårsanlegget K5-K10-K20 har anleggsrådgivar i skiforbundet utarbeid kalkyle basert på mange anlegg bygt siste åra.
- For resten av skianlegga er dette henta frå entreprenørprisar i samband med bygging av «vinterbakke K10-K19» og «Sprint- og rulleskiløypa».

Med unntak av vinterbakken K10-K19 under bygging (nesten ferdig i 2023) så vert det for resten av anleggsutbygginga lagt inn 8 % tillegg for «Annan uforutsett kostnad» i kalkyle for nye søknadar.

For spelemiddelsøknad skal **kalkylen inkludere mva** (og i finansieringsplanen).

Kalkyle pr. 1.12.2023:

1. Hoppbakke K5-heilårsanlegg:	600.000
2. Hoppbakke K10-heilårsanlegg:	1.602.000
3. Hoppbakke K20-heilårsanlegg med lys:	2.670.000
Sum eksklusiv snøproduksjon:	4.872.000
Snøproduksjon:	3.000.000
(Hoppbakke K20 med snøpr. 5.670.000)	
4. SUM HOPPANLEGG (med snø):	7.872.000

Finansiering:

K5-bakken kan finansierast som nærmiljøanlegg med 50 % tilskot frå fylkeskommunen (FK). Dei andre anlegga må finansierast som «ordinært anlegg» med 33,33 % spelemiddeltilskot.

Kommunen sin del er 1/3-tilskot uavhengig av type anlegg.

Lånetilsagn (Mellomfinansiering *) =
Låneutgifter inntil utbetaling tilskot, sponsorstøtte mm.

Eigenkapital K10-19 (**):

Vinterbakken var i 2021 «finansiert» med eigenkapital frå idrettslaget (Hafslo + Bjørn), i tillegg fekk vinterbakken sponsorstøtte frå banken på 230.000 kr. Utbygginga så langt har medført mindre innkjøp og meir dugnad enn kalkulert, spesielt for K19-bakken. Difor er dugnadsprosenten auka i ny kalkyle i høve til kalkyle i 2018.

1. Heilårs hoppbakke K5 (nærmiljøanlegg)

• Spelemiddel:	300.000
• Luster kommune:	.000
• Dugnad:	80.000
• Eigenkapital (idrettslag *):	40.000
• Lånetilsagn (Mellomfinansiering *):	180.000 (130.000 +50.000*)
• SUM K5-HOPPANLEGG:	600.000

2. Heilårs hoppbakke K10 (ordinært anlegg):

• Spelemiddel:	534.000
• Luster kommune:	534.000
• Dugnad:	203.875
• Eigenkapital:	200.000
• Lånetilsagn (Mellomfinansiering*):	130.125
• SUM K10-HOPPANLEGG:	1.602.000

3. Heilårs hoppbakke K20 (ordinært anlegg), inklusiv lys og snøproduksjon:

• Spelemiddel:	1.890.000
• Luster kommune:	1.890.000

- Dugnad 1: 269.750
- Dugnad 2: 194.000
(Sum dugnad HIL: 463.750)
- Eigenkapital (hopp): 320.000 *
- Eigenkapital (Snø): 105.000 *
- Lånetilsagn (Mellomfinansiering(*): 101.250 (375.000 +580.000)*
- Manglande finansiering: SNØ 900.000
- **SUM K20-HOPPANLEGG: 5.670.000**

3. Oppsummering hoppanlegg og snøproduksjonsanlegg :

- Spelemiddel: 2.724.000
- Luster kommune: 2.424.000
- Dugnad (idrettslaget): 727.625 (inkludert snøproduksjon)
- Eigenkapital 560.000
- Lånetilsagn (Mellomfinansiering*): 431.375 (hoppanlegget)
- Eigenkapital (SNØ)* 105.000 (snøproduksjon)
- Manglande finansiering: 900.000 (snøproduksjon)
- **SUM ANLEGG: 7.872.000**

- Hafslo idrettslag har på anleggskonto for K45 (+ andre kontoar) til disposisjon for mellombels finansiering til hoppanlegget K5-K10-K20-anlegget.

Hafslo, 11.12.2023

Jon Ove Lomheim

Jon Ove Lomheim
-prosjekt- og byggeleiar for idrettslaget-

Vedlegg:

- Kostnadsoverslag anlegg 81677 (K5)
- Kostnadsoverslag anlegg 17419 (K10)
- Kostnadsoverslag anlegg 17420 (K20) med lysanlegg og snøproduksjon
- Finansieringsplan (exel-ark), datert 01.12.2023